



## Saksframlegg

Saksbehandler:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Repr 24/015	Dato:	24.05.2024

### Handsamingsorgan:

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks Kommunestyret i den enkelte kommune	20.06.2024 ikke fastsatt	vedtak orientering
--	-----------------------------	-----------------------

### Beredskapsanalyse trinn 2 - beredskapsnivå

#### HANDSAMING:

##### Brannsjefen si tilråding

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar at beredskapsnivået for eigarkommunane skal vera i samsvar med mandat som vart gjeve i sak 21/012 samt tar innover seg føringar gitt i representantskapsmøte 19.04.2024, sak 004.
- Beredskapsanalyse trinn 2 skal leggest lagt fram for handsaming saman med budsjetthandsaming i representantskapsmøte 08.11.2024.

##### Handsaming i representantskapet 20.06.2024

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

I representantskapsmøtet 19.04.2024, sak 004 ble følgjande vedtak gjort:

- Representantskapet i HBR ber Kommunedirektørane i eigarkommunane og dagleg leiar og styreleiar, innan utløpet av mai 2024, gå i dialog for å utarbeide eit framlegg til beredskapsnivå, som skal danne grunnlaget for beredskapsanalyse trinn 2. Sak om justert beredskapsnivå for HBR skal leggest fram i ekstraordinært representantskapsmøte før utløp av juni 2024.
- Videre arbeid med ein innsparings- og effektiviseringsplan vil følge arbeidet med økonomi- og handlingsplan for 2025-2028

Det er den 3. mai gjennomført møte med kommunedirektørar. Møtet vart gjennomført der det ble lagt fram status for beredskapsanalyse med mål om å få en felles situasjonsforståing. Ei generell oppfordring/forventning frå eigarane er at selskapet på sjølvstendig initiativ skal «snu kvar stein» og legga frem forslag om kutt.

Vedr. bestillinga frå representantskapet i møte 19.04.2024 ber kommunedirektørane selskapet om å legga fram eit framlegg til beredskapsnivå med utgangspunkt i den økonomiske situasjonen.

Med utgangspunkt i at beredskapsanalyse trinn 2 vart utsett i påvente av avklaringar rundt Sveio sin uttreden og at det føreligg eit mandat frå denne runden der forutsetningane ikkje er endra, vel dagleg leiar å legga fram dette mandatet som utgangspunkt for vidare arbeid.

Beredskapsanalyse vil likevel få ein gjennomgang med utgangspunkt i å kartlegge moglege tiltak/prioriteringar.

Gjeldande mandat er:

*Eierkommunene ønsker et kosteffektivt og optimalt organisert HBR som kan levere den beredskapen som er nødvendig. HBR må dimensjoneres ut fra en beredskapsanalyse som sikrer at vi innfrir lov og forskrift og de mål som eierne har satt for HBR.*

*HBR må etablere en helhetlig beredskapsanalyse som tar for seg beredskapsnivå, organisering og geografisk struktur. Det er viktig at selskapet søker en optimal stasjonsstruktur uavhengig av kommunegrensene. Analysen skal være beslutningsgrunnlaget for fastsettelse av brandokument (brannordning) for Haugaland brann og redning iks.*

*Det skal opprettes en referansegruppe hvor eierkommunene er representert ved kommunedirektører/rådmenn. Det er viktig med tett dialog og medvirkning underveis slik at nødvendige valg og beslutninger i prosjektfasen optimaliseres og at det er kunnskap om -og eierskap til løsningene. Det er ønske om en 3. partsvurdering underveis i arbeidet. Budsjett og plan for arbeidet utarbeides.*

*Arbeidet må koordineres mot eiere, politisk og tillitsvalgte. Arbeidet med beredskapsanalyse skal ha følgende leveranser:*

- Prosjektbeskrivelse og -plan for gjennomføring.
- Milepælsplan (inkl. hørings-/beslutningsplan).
- Gjennomgang av eksisterende ROS-analyse og rapport som inkluderer forebyggende tiltak.
- Synergieffekter med utfallsrom og tiltaksplaner.
- Beskrivelse av budsjettkonsekvenser for 2022 (kortsiktige tiltak som gir synergieffekt og/eller innsparing)
- Sluttrapport.
- Forslag til brandokument

Denne tilnærminga vart drøfta i eigarmøte 24.05.2024 og det vart gitt støtte til framlegget. I eigarmøtet vert det presisert at ein beredskapsanalyse ikkje er meir bindande enn at dersom det kjem fram nye forutsetningar, skal ny vurderingar kunne gjerast basert på dette.

## VURDERINGAR:

Eksisterande mandat står seg og tar innover seg dei signal og vedtak som er gjort i saka tidlegare. Med det som utgangspunkt må beredskapsanalysa ha ein ekstra gjennomgang for å sjå om det er moglegheiter for ytterlegare tiltak for å innfri eigarforventningar og for å opp nå gode synergieffektar som kan påverke kostnadsramma på ein positiv måte.

Det vert minna om at det må vera ein raud tråd gjennom nasjonal-, fylkes-, kommune- og brannROS. Spesielt viktig er det at det er samsvar mellom kommune- og brannROS. HBR har i sin lokale risiko- og sårbarheitsanalysar teke omsyn til dette, men kommunane bør kvalitetssikre dette arbeidet.

Saka vert ikkje lagt fram for styret i all den tid framlegget til prosess støttar seg på tidlegare vedtak, ref. sak 21/006. Saka vert orientert om i styremøte 06.06.2024.

Haugesund, 24.05.2024

Dag Botnen  
brannsjef

Vedlegg: -